



Hardangerrådet iks



RÅDSMEDLEMMENE OG RÅDMANNSFORUM

INNKALLING TIL MØTE I HARDANGERRÅDET

Dato: Torsdag 10.09.2020

Klokka 09.00-15.00

Stad: Møterom, Thon Hotel Sandven

Møteplan 2020 for Hardangerrådet, godkjent 24.10.2019 gjeld som møteinnkalling.

Agenda:

09.00 - 11.30 Sakshandsaming

11.30 - 12.30 Lunsj

12.30 - 13.00 Visit Hardangerfjord - Sommarsesongen 2020 - Status v/ Andreas Skogseth

13.00 - 13.30 Næringshagen i Hardanger - Samarbeidsprosjekt/Fusjonsplanar
v/ Sigmund Vereide

13.30 - 15.00 Sakshandsaming

Saker til handsaming:

**HR-sak 29/20 Saker innmeldte ved starten av møtet.
Vert tatt opp under sak 28/20.**

HR-sak 30/20 Meldingar

HR-sak 31/20 Hardangerrådet frå 2021
• Strategiplan

**HR-sak 32/20 Orientering om viktige saker i kvar kommune og i Vestland
fylkeskommune med særleg vekt på koronapandemien -
Orientering ved kvar ordførar**

HR-sak 33/20 Orientering- og drøftingssaker

**Forfall må meldast Hardangerrådet v/Trude Rinaldo tlf 53 67 14 50
Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.**

Kinsarvik 03.09.2020

**Torgeir Næss/s
rådsordførar**

**Jostein Eitrheim
dagleg leiar**



Møtedato 10.09.2020	Saksansvarleg Jostein Eitrheim
---------------------	--------------------------------

HR-sak 30/20 Meldingar

Melding 1: Melding om utmelding frå Voss herad, 23.06.2020 med vedlegg

Melding 2: Svar til Voss herad om utmelding frå Hardangerrådet, 26.06.2020



HARDANGERRÅDET IKS
Postboks 78

Dato: 23.06.2020
Vår ref.: 20/00218-13

5782 KINSARVIK

Utmelding Hardangerrådet IKS frå 1.1.21

Voss herad er i dag medlem av Hardangerrådet i form av at heradet gjekk inn og overtok Granvin herad sin del av Hardangerrådet. Det vert vist til Voss herad sitt vedtak i samband med framtida for Hardangerrådet (sak 49/20) og Hardangerrådet sitt vedtak i same sak (12/20). På grunnlag av desse vedtaka melder Voss herad seg ut av Hardangerrådet frå 1.1.2021.

Voss herad ynskjer nok ein gong å understreka at me vil ha eit sterkt og godt samarbeid med kommunane i vår region. Ideen om eit regionsamarbeid for indre Vestland lever vidare, og me håpar dei resterande medlemane i Hardangerrådet vil delta i eit slikt framtidig samarbeid.

Med vennleg helsing
Hans-Erik Ringkjøb
Ordførar
Tlf: 97138720

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Vedlegg:
Vedtak HST, 07.05.2020, Sak 49/20, Vurdering av deltaking i Hardangerrådet frå 2021



SAKSPROTOKOLL

Arkivsak-dok. 20/00824
Arkivkode
Sakshandsamar Arild Steine

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Formannskapet, Plan og økonomi 2019 - 2023	27.02.2020	26/20
2 Heradsstyret	07.05.2020	49/20

Vurdering av deltaking i Hardangerrådet frå 2021

Heradsstyret har handsama saka i møte 07.05.2020 sak 49/20

Møtehandsaming

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Voss heradsstyre ser at regionalt samarbeid kan skapa meirverdi ut over det Voss herad klarar å skapa på eiga hand. Som den største kommunen i indre delar av Vestland har Voss herad ei rolle ut over seg sjølv for å skapa vekst og utvikling i regionen. Voss herad skal ta ei leiande rolla og delta i regionale samarbeid der dei deltakande kommunane ser gjensidig nytte av samarbeidet.

Både Hardanger og Voss er namn som kling godt i den norske folkesjela. Voss herad er i ein unik posisjon med ein geografi som dekker begge desse nasjonalskattane. Eit sterkt samhald i Hardanger og Voss vil vera til gagn for alle kommunane i regionen.

Voss herad utfordrar Hardangerrådet til i møtet sitt 18. mai å starta avvikling av Hardangerrådet i si noverande form.

Det bør i same møtet startast utvikling av eit nytt regionsamarbeid for Hardanger og Voss. Det nye regionsamarbeidet skal ivareta Hardanger og Voss sin posisjon i Vestland fylke, og vidareutvikla indre midtre Vestland til ein sterk region.

Administrativ form og omfang må avklarast innan utgangen av 2020. Med denne framgangsmåten vil Voss herad vera med å utvikla nytt regionsamarbeid i vår region.

Alternativt til ovanfor framdrift melder Voss herad seg ut av Hardangerrådet.



Hardangerrådet iks



Voss herad
Uttrågata 9
5701 Voss
postmottak@voss.herad.no

Utmelding frå Hardangerrådet IKS

Vi viser til motteke brev om at Voss herad melder seg ut av Hardangerrådet iks med verknad frå 01.01.2021.

Hardangerrådet iks vil handsama utmelding i samsvar med gjeldande selskapsavtale og viser til avtalens §19 Utmelding.

Kva gjeld oppseiingsfrist viser vi til vedtak i regionrådet i HR-sak 10/19 der oppseiingsfrist vart vedteken redusert til 6 mnd.

Økonomisk sluttoppgjer ved uttrede vil verta handsama i samsvar med IKS-lova §30.

Kinsarvik 26.06.2020

Med fruktbar helsing
frå Hardangerrådet

Toralv Mikkelsen
styreleiar
Hardangerrådet iks signerer digitalt

Jostein Eitrheim
dagleg leiar



Møtedato 10.09.2020	Saksansvarleg Jostein Eitrheim
---------------------	--------------------------------

HR-sak **31/20** **Hardangerrådet frå 2021 - Strategiplan**

Saksvedlegg:

Vedlegg 1 Strategiplan vedteken i HR 14.11.2018

Vedlegg 2 Arbeidsplan vedteken i årsmøte 30.04.2020

Vedlegg 3 Presentasjon Strategiplan prioriterte oppgåver

Saksutgreiing:

Regionrådet vert oppmoda om å drøfta innhald i ny strategiplan som skal gjelda for Hardangerrådet frå 2021

Saksvurdering:

Dagleg leiar vil gjennomgå grunnlagsdokument i saka før drøfting i møtet.

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.



Overordna strategiplan for Hardangerrådet 2020 - 2023

Visjon:

Hardangerrådet skal vera ein samarbeidsarena for styrking av utviklinga i medlemskommunane innanfor felta:

- **Regional utvikling / Folketalsauke**
- **Næringsutvikling**
- **Infrastruktur**

Etter etableringa av Vestland fylke er det enno viktigare å ha fokus på desse oppgåvene i eit regionalt perspektiv. For at kommunane i regionen skal kunne tale med ei sterkast mogeleg røyst er det naudsynt å samla arbeidet i eit regionalt samarbeid.

Ved å sameina styrke og moglegheiter vil Hardanger og Voss ha dei beste føresetnader for vekst og utvikling. Den aukande sentralisering vi ser innanfor både offentleg og privat sektor er ein trussel mot distrikta i Norge og særskilt mot Hardanger og Voss som i stor grad har tapt arbeidsplassar som har vorte flytta til m.a. Bergen.

Kva er felles, kva er våre sterke sider?

Døme er:

- Reiseliv
- Industri
- Landbruk
- Kraft

Overordna strategiplan for Hardangerrådet vert utarbeidd og vedteken for kvar valperiode. Strategiplanen er førande for årlege handlingsplanar som styrande dokument for prioriteringar og arbeidsoppgåver i arbeidsåret.

Handlingsplanane skal baserast på dei vedtekne arbeidsstrategiane:

- Informasjonsstrategi: (Bli kjent og gjer kjent).
- Samarbeidsstrategi: (Godt for deg, er godt for meg).
- Koordineringsstrategi: (I fellesskap er me sterkare)
- Næringsutviklingsstrategi: (Mange bekkar små, gjer ei stor å.)
- Driftsstrategi: (Positiv og effektiv)

I strategiplanperioden 2020 - 2023 skal vi ha fokus på desse hovudtema:

Regional utvikling/folketalsauke

Delmål:	Slik skal vi arbeida for å oppnå målet:
Auka tilflytting	Marknadsføra regionen som attraktiv buregion. Bruka sosiale media Utarbeida samla oversikt over ledige bustadtomter. Bistå kommunane med informasjon til nyinnflytta.
Stimulera bulyst Gode tilbod innanfor: <ul style="list-style-type: none"> ● Kultur ● Helse 	Samla oversikt over fritidstilbod Styrka informasjonsarbeid vedr. lag og organisasjonar Bidra til styrkja kultursatsing og kultursamarbeid i regionen Hardanger kulturråd som viktig møteplass for kultursaker. Styrkja sjukehusa i Odda og på Voss.
Styrking av regionsentra Norheimsund, Odda og Voss	Arbeida mot fylke for auka fokus på tilboda i regionsentra og effekten dette har for styrking av alle kommunane i regionen. Samarbeid med kommunane, regionsenter og næringsorganisasjonar for utvikling av attraktive regionsenter. Regionrådet skal vera pådrivar for at fylkeskommunen følgjer opp sin eigen plan for attraktive regionsenter.
Balansert utvikling i regionen og Vestland fylke	Arbeida mot stat, fylke for sikring og vekst i regionen gjennom tilføring av utviklingsmidlar og prosjekt.

<p>Arbeida for godt samarbeid mellom regionane i fylket</p>	<p>Samarbeid med andre distriktsregionar i Vestland fylke for god fordeling av nye oppgåver til regionsentrene i samband med regionreforma.</p>
<p>Omdømebygging</p>	<p>Framsnakka Hardanger og Voss som ein sterk og attraktiv region. Arbeida aktivt for at Hardanger og Voss framstår som:</p> <ul style="list-style-type: none"> ● Sterk ● Samla ● Positiv ● Innovativ <p>Framheva nynorsk som identitet. Bruka ulike informasjonskanalar til å spreia positiv omtale og gode nyhende frå Hardanger og Voss. Aktivt bruka merkevaren Hardanger og merkevaren Voss i alle samanhengar der dette er naturleg.</p>

Næringsutvikling

Delmål:	Slik skal vi arbeida for å oppnå målet:
Auka talet på nye offentlege arbeidsplassar i regionen	Arbeida for at regionen vert tilført nye oppgåver gjennom regionreforma. Følgja opp formulering i Intensjonsavtalen for Vestland fylke som legg opp til at fylkeskommunale oppgåver skal flyttast til distriktsregionar i Hordaland.
Styrka eksisterande offentlege institusjonar/arbeidsplassar i regionen	Arbeida for at alle offentlege institusjonar/arbeidsplassar i regionen skal oppretthaldast og styrkast.
Arbeida for vidareutvikling av regionen sine sterke sider/miljø innanfor: <ul style="list-style-type: none">• Landbruk/fruktdyrking• Industri• Teknologi• Reiseliv• Entreprenørskap• Energi/kraft	Arbeida aktivt mot stat, fylke og offentlege/private aktørar for å auka talet på verksemder/arbeidsplassar i heile regionen
Betra og tilpassa utdanningstilbod i dei vidaregåande skulane i regionen	Delta aktivt i utforming av framtidens utdanningstilbod i regionen og fylket. Spela sentral rolle i Samarbeidsarena Hardanger-Voss i samband med oppfølging av Regional plan for kompetanse og arbeidskraft
Fleire heilårsarbeidsplassar i reiselivsnæringa	Vera ein medspelar for reiselivsnæringa for utvikling av nye tilbod som kan opna for heilårstilsetjingar istaden for sesong. Dette vil føra til tilflytting og auka skatteinngang til kommunane.

Infrastruktur

Delmål:	Slik skal vi arbeida for å oppnå målet:
Auka rammer til rassikring og trafikkisikringstiltak	Arbeida for auka rammer gjennom tidlegaste periode i ny NTP. Bistå kommunane i uttalar og dokumentasjon av rashendingar, trafikkulukker og uakseptable trafikale tilhøve på vegnettet i regionen. Avtala og organisera møter med stortingspolitikarar.
Auka rammer til investering/utbygging av: <ul style="list-style-type: none">• Stamvegnettet i regionen, E16, E134, Rv7 og Rv13• Veg og bane Arna - Voss• Arm frå E134 til Bergen	Arbeida for auka rammer gjennom tidlegaste periode i ny NTP. Sørgja for breiast mogeleg støtte til prioriterte tiltak i regionen. Arbeida for støtte frå fylkeskommunar og store bykommunar.
Auka vedlikehald og oppgradering av fylkesvegnettet i regionen	Arbeida gjennom politiske grupper mot fylkeskommunen for auka rammer og prioritering av vedlikehalds- og oppgraderingsprosjekt i regionen.
Betra kollektivtilbod	Arbeida mot fylkeskommunen for betra kollektivtilbod på veg, sjø og bane. Tett dialog mot administrativt nivå i Skyss, NSB og samferdsleavdelinga i fylkeskommunen.



Arbeidsplan for Hardangerrådet iks 2020/2021



Hardanger

Framlegg til årsmøtet 2020

Handling	Målsetjing	Ønska resultat	Tids-ramme	Ansvarlege	Strategi-grunnlag
Presseinformasjon	Få fram viktige tema til innbyggjarane.	Få info på trykk og i radio/TV	Etter kvart	Dagleg leiar og konsulent	Informasjon
Uttalesaker	Vera på banen og gi beskjed om kva Hardanger meiner	Stå fram som samla region.	Kontinuerleg	Dagleg leiar og rådsordførar. MRK Politisk innspel og godkjenning	Informasjon
Heimeside på Internett	Ajourhald av heimeside www.hardanger.com	Informativ og tiltalende heimeside. Forenkla tilgang til saker, møtebøker og nyhende.	Kvar veke	Dagleg leiar og konsulent + innleigd teneste	Informasjon og drift
Høyringsaker	Gje høyringar for å få fram Hardanger sine samla synspunkt	Påverka avgjerder som styrkjer regionen.	Heile tida	Ordførarane, rådmennene og dagleg leiar. MRK Politisk innspel og godkjenning	Koordinering
Merkevare Hardanger Paraplymerking av regionen	Administrera dei formelle delane ved prosjektet og lisensiering av brukarar. Jobba med spreingsarbeidet av MH med logo. i Hardanger brukar MH-paraplyen.	At Hardangermerket vert kjend over heile Noreg og i utlandet. Auka bruk av offentlege og private næringsaktørar	Frå 2005	Dagleg leiar og konsulent. Merkevare-ambass adør Helge Møller	Informasjon, drift og koordinering.
Samarbeid med kringliggjande Regionråd om politiske og praktiske tiltak av felles interesse	Skapa nettverk og utnytta påverknadseffekten av samspelet mellom regionar. Etablere møteplassar mellom regionråda	Vedtak og økonomiske ordningar som styrkjer regionen	Ved høve	Rådsordførar og dagleg leiar MRK Politisk innspel og godkjenning	Samarbeid og Koordinering

Arbeidsplan for Hardangerrådet 2020/2021

Kommunestruktur i Hardanger Samarbeidsprosjekt	Skapa positive regionsseffekter av nye rutinar i samband med kommunestrukturprosessen	Kompetanseheving i heile regionen som resultat	2013- 2019	Ordførarane og rådmennene	Samarbeid og koordinering
Etablerarteneste i regionen Team Hardanger	Driva næringsstilrettelegging og etablerartenester i samarbeid med fylkeskommunen og kommunane	Skapa fleire arbeidsplassar i regionen	Også i 2018	Dagleg leiar og Team Hardanger	Samarbeid, Koordinering og Næringsutvikling
Fagnettverk mellom kommunane som	Halda kontakt med etablerte og initiere nye nettverk mellom fagtilsett i kommunane. Koordinerast av Rådmannsforum	Meiningsfulle faglege forum der tilsette får heva eigen kompetanse og samordna oppgåver.	Heile tida i samsvar med behov	Rådmannsforum Dagleg leiar Nettverka skal driva seg sjølve.	Samarbeid og Koordinering
Kraftsaker i regionen	At kraftressursane frå Hardanger får eige kraftfond frå HFK . Planlegging av nytt framstøyt mot HFK.	Kraft og kraftressursar til verdiskaping i Hardanger	2018	Ordførarane og dagleg leiar MRK Politisk innspel og godkjenning	Koordinering
Hardangerkonferansen	Arrangera Hardangerkonferans i saman med Næringslivet og Ungdomsrådet	Samhandling i Hardanger om aktuelle tema.	2018	Dagleg leiar og Konsulent	Samarbeid og Koordinering
Etablerarfond for Hardanger	Vidareføra administrasjon og sakshandsaming av EFH	EFH som starthjelp for nyetablerarar	2018	Dagleg leiar og Konsulent	Næringsutvikling
Internasjonale Hardanger	Dra nytte av, utvida og utvikla regionen sitt internasjonale arbeid gjennom kommunane, næringslivet og egne prosjekt	Ha regional internasjonal samhandling som utviklingsarbeid.	Også i 2018	Dagleg leiar og konsulent, Team Hardanger	Koordinering og næringsutvikling
Merkevare Hardanger. Rekruttering og identitetsbygging og rekruttering innanfor fruktnæring, lokalmatproduksjon og reiseliv	Styrka merkevare Hardanger, Auka rekruttering og produksjonsvolum for frukt og lokalmatproduksjon, Styrka marknadsføring og distribusjonsapparat.	Ein merkevare som styrkar næringslivet i regionen.	2016 – 2019	Dagleg leiar og konsulent	Næringsutvikling Marknadsføring



Sørfjorden - Utnefjorden - Indre Samlaffjorden, 30/0-04 © S. Utvand




Hardangerrådet



Hardanger

Strategiplan - prioriterte oppgaver for
Hardangerrådet i framtida



Kva er våre sterke sider?


Døme:

- **Reiseliv**
- **Industri**
- **Landbruk**
- **Kraft**

Kva er verdien av å opptre med ei felles, regional stemme i saker og spørsmål som gjeld heile regionen?

Korleis finn ein beste arbeidsform ift. kva saker regionrådet skal arbeida med?

- **Vedteken strategiplan**
- **Årleg arbeidsplan**
- **Aktuelle politiske saker med regionalt omfang**
- **Næringsutvikling**
- **Kultur**
- **Ungdomsråd**
- **Internasjonale prosjekt**

- 
- **Regional utvikling / Folketalsauke**
 - **Auka tilflytting**
 - **Stimulera bulyst**
 - **Gode tilbud innanfor m.a. kultur og helse**
 - **Fritidstilbod for unge**
 - **Styrking av regionsentra**
 - **Balansert utvikling i regionen og i Vestland fylke**
 - **Kompetansebygging gjennom “rette” utdanningstilbod, desentralisert**
 - **Arbeida for godt samarbeid mellom regionane i fylket**
 - **Omdømebygging**

Tiltak:

- **Presseinformasjon**
- **Uttalar**
- **Nettside**
- **Merkevarebygging**
- **Samarbeid med kringliggjande regionråd**
- **Samarbeidsarenaer som t.d. Team Hardanger, Hardanger Kulturråd**
- **Hardangerkonferansen**

- **Næringsutvikling**
 - **Auka talet på offentlege arbeidsplassar i regionen**
 - **Styrka eksisterande offentlege institusjonar/arbeidsplassar i regionen**
 - **Arbeida for vidareføring av regionen sine sterke sider/miljø innanfor:**
 - **Landbruk/fruktdyrking**
 - **Industri**
 - **Teknologi**
 - **Reiseliv**
 - **Entreprenørskap**
 - **Energi/kraft**
 - **Betra og tilpassa utdanningstilbod i dei vidaregåande skulane i regionen**
 - **Fleire heilårsarbeidsplassar i reiselivsnæringa**

Tiltak:

- **Presseinformasjon**
- **Uttalar**
- **Nettside**
- **Merkevarebygging**
- **Samarbeid med kringliggjande regionråd**
- **Samarbeidsarenaer som t.d. Team Hardanger, Hardanger Kulturråd**
- **Etablerarstøtte**
- **Hardangerkonferansen**
- **Internasjonale samarbeid, internasjonale utviklingsprosjekt**

- **Infrastruktur**
 - **Auka rammer til rassikring og trafikksikringstiltak**
 - **Auka rammer til investering/utbygging av:**
 - **Stamvegnettet i regionen, E16, E134, Rv7 og Rv13**
 - **Standardheving på trafikkbelasta deler av Rv13 (Jfr. sommartrafikkproblem Hardangerbrua - Kinsarvik)**
 - **Veg og bane Arna - Voss**
 - **Arm frå E134 til Bergen**
 - **Auka vedlikehald og oppgradering av fylkesvegnettet i regionen**
 - **Ny tunnel mellom Folgefonntunnelen og Jondalstunnelen**
 - **Betra kollektivtilbod**

Tiltak:

- **Presseinformasjon**
- **Uttalar**
- **Nettside**
- **Merkevarebygging**
- **Samarbeid med kringliggjande regionråd**
- **Samarbeidsarenaer som t.d. Team Hardanger, Hardanger Kulturråd**
- **Etablerarstøtte**
- **Hardangerkonferansen**